



Kvinnherad kommune
Rådmannen

Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org.nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no
www.kvinnherad.kommune.no

Slek 44

Kvinnherad kommune	
Rådmannen	
Saksnr	200605491
Dato	13.11.06
Ki-501	

Kultur og kirkedepartementet.
Kirkeavdelingen
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Saksbehandlar
Asbjørn Skår

Tlf.direkte innval
53483189

Vår ref.
08.11.2006
2006/2416

Dykkar ref. Dato

NOU 2006:2 - Staten og Den norske kyrkja. Uttale frå Kvinnherad kommune.

Kvinnherad kommunestyre vedtok i møte 22.06.06 at Levekårskomiteen skulle gje uttale til NOU 2006: 2- Staten og den norske kyrkja på vegne av Kvinnherad kommune. Levekårskomiteen handsama saka i møte 08.11.2006 framlegg til uttale, utarbeidd av eit utval på 3 medlemmer av komiteen.

Levekårskomiteen slutta seg samrøystes til uttalen frå nemnda, jf vedlegg, og legg i dette til grunn at uttalen frå utvalet reflekterer dei ulike syn i spørsmålet om stat- kyrkje i Levekårskomiteen og i Kvinnherad kommunestyre, og at det ikkje er mogleg å få ein samrøystes uttale..

Levekårskomiteen finn det heller ikkje ønskjeleg å fylla ut det tilsendt spørjeskjema, då dette ikkje vil vera avklarande eller tydeleggjera dei ulike syna i komiteen.

Med helsing
for Levekårskomiteen

Asbjørn Skår
Kommunalsjef

Kopi: Kommunestyret

Vedlegg.

Vedlegg.

Uttale til NOU 2006: -2. Staten og den norske kyrkja.

Høyringsinstans: Kvinnherad kommune.

Utvalet er samd i at full tru- og livssynsfridom bør liggja til grunn for tru -og livssynspolitikken vår. Ein av utvalet vil at Grunnlova må vera uavhengig av religion.

Meiningane er delte når det gjeld spørsmålet om Den norske kyrkja skal skiljast frå staten eller om det skal fortsetja slik som no. Ein av utvalet meiner at om ein skal fortsetja som no, bør ikkje politikarane få utnemna biskopar.

To i utvalet meiner at Den norske kyrkja bør vera forankra i grunnlova, ein i utvalet meiner at det skal vera ei eiga kyrkjelov forankra i Stortinget.

Ein i utvalet meiner Den norske kyrkja bør finansierast gjennom støtte frå det offentlege og noko medlemsavgift. To i utvalet meiner at det offentlege skal finansiera utan medlemsavgift.

Ein i utvalet meiner at valordningane i kyrkja skal vera som i dag, to i utvalet vil auka bruken av direkte val i kyrkja sine eigne organ. Her må det jobbast for å auka valdeltaking.

I tillegg til § 2 i Grunnlova må det stå om det kristne og humanistiske verdigrunlaget, og at Den norske kyrkja er ei evangelisk-luthersk kyrkje.

Ein i utvalet meiner at den lokale kyrkja skal ha ansvar for gravferdsforvaltninga, to i utvalet vil at kommunen skal ha ansvar for dette. I begge tilfella er medlemene samde om at kommunen må leggja til rette for at dei som ikkje ynskjer å gravleggja nokon i vigsla jord, får høve til det.

Medlemene er samde om at den lokale kyrkja bør eiga kyrkjebygga, og at kommunen skal ha det økonomiske ansvaret. Det vert streka under at dei verneverdige kyrkjene ikkje skal liggja til kommunen sitt budsjett. Her må staten vera økonomisk ansvarleg.

Lars Mikkelsen (sign)
Gunn Mari Moberg (sign)
Erling Boland (sign)